

Kyssa av kysten

Kystsogehelga gjekk av stabelen i år òg, trass i dårleg vær. Sjøsprut og litt vind stogga verken roarane eller utstillarane.

Det er laurdag og den årlege kystsogehelga er i ferd med å gå av stabelen. Journalisten som kjem stressande ned i dei siste sekunda før opningstalane, vert noko forundra når det ikkje er ei salsbu i siket.

– Det er avlyst, grunna vêret, kan ei opplysa han. Litt forfjamsa tek han beina fatt og entrar folkehavet av dei sjeldne *inne* på torget i Bekkjarvik. Nei, tenkte han det ikkje. Vêret stoggar sjeldan Inge Halstensens og austevollingane og jammen har det ikkje gjort det denne gongen, heller. Senteret badar i lukter av fisk, vårullar, pølser og anna godis, no som alt er flytta innandørs. Folkemengdene er så store at å koma fram til scena midt i senteret, kor opningstalane vert heldne, er meir komplisert enn fyrst utrekna.

– Uansett kor mange excelark me sett opp, kan me ikkje spå framtida. Me må ikkje gloyma kor me kjem frå. Kva kan eg gjera for Austevoll? er orda Marsteinen får med meg frå opningstala til Tor Mikal Østervold. Trekkspel, piano og song vert neste ut når Henrik Vaage og Tor Eirik Tøkje viser fram ekte kystkultur, gjennom songen *Tar du med ei helsing*, av Johannes Kleppevik. Under-teikna skal vera så ærleg å seia at han aldri har vore noko stor tilhengar av trekkspelmusikk, men etter at Henrik har vorte eit stadig oftare syn på øyane med instrumentet sitt, har det gått opp for meg kor fint det eigentleg er – og for å ikkje snakka om stemningsskapande. For kystsogehelga kan erklærest heilt opna, vert det både rim, humor og latter som pregar torget, når Hallvard Møgster tek mikrofo-



Selbjørn 2, Storebø og Stolmen låg særst likt i byrjinga, sjølv om Selbjørn 2 tok leiinga etterkvart.

nen fatt. Ei lett og humoristisk samtale, vert òg ein realitet i innslaget Frå bymann til stril, der Andreas Iversen, Ingrid Søli og Torleif Søreide er bymennene som har vorte strilar.

Fiskelukke

Trass i at regnet druser ned frå skyene, stoggar det ikkje små med hjelp av store å prøva fiske-lukka. Med fiskesnøre, reker og godt mot kastar dei uti snora i håp om å få fangst.

– Eg har fisk, eg har fisk, roper Ada Grønhaug (11) omtrent tre sekund etter at konkurransen er i gang. Fisken kjem fort av sluken og vert kasta opp i baljen på kaien. Gunn Marit Salthella markerer ein fisk i margen på skjemaet sitt.

– Det er om å gjera å få flest fisk, seier Gunn Marit før Ada er ute med snøret igjen. Kjappe minutta seinare, kjem det endå ein god fangst til familien Grøn-

haug. Denne gongen er det broren Henrik Johan Grønhaug (10) som har fått napp på kroken. Og godt nøgd er dei med det. Familien er nemleg på hyttetur i kommunen og hadde dårleg krabbefangst tidlegare på dagen.

– Då hjelper dette på, seier dei med eit smil. Det er ikkje berre dei som får det bra til. I eitt kjem det inn små og store fiskar til vurdering hos Gunn Marit.

– Eg har fem fiskar, eg ligg i leiinga, seier Sverre Fanavoll Andersen medan han prøver å fiska ut svaret på kva premien blir. Det vert Lars Kirkhon, Sverre F. Andersen og Marcus Hvidevoll, som stikk av med fyrste, andre- og tredjeplassen. Premien til vinnaren er ei Kaptein Sabeltann-fiskestong, medan sølv og bronseplassen får eit skrin med diverse fiskeutstyr.

Noregs beste?

Moloen i Bekkjarvik vert etter-

kvart fylt til randen av tilskodarar som har lyst å få med seg den tradisjonsrike kapproinga. I år med ein ny vri. Dei tre fyrste båtane kjem glidande ut på sjøen, før startsskotet etter ei god stund går av.

– Du journalisten. Kan du skriva at me likte det mykje betre slik det var før? Det er ingen informasjon og ingen speaker undervegs, seier ei til Marsteinen. Takka vera god hjelp frå kvarandre, finn dei ut at det er Storebø, Selbjørn 2 og Stolmen som kjempar mot kvarandre no. Når fyrste etappe er unna, kjem det omsider lyd i høgtalarane.

– Litt for seint, Inge, kommenterer ei på det som verkar å berre vera ein teknisk feil. Trass i det, er det ikkje mykje hjelp i at han no er på høgtalarane, det er nemleg umogleg å høyra kva som blir sagt. Når Dag Lindebjerg tek mikrofonen fatt, derimot, får pipa fort ein annan

tone. Smila vert breiare hos publikum. Å fylgja båtane vert enkelt med den særst drivne kommentatoren langs bryggekanalen. Teknikken viser seg å vera det viktigaste, og til og med ukunnige skjønar at posisjonen til åra i sjøen har stor ringverknad på fart og effektivitet. Det er dei to damelaga frå Selbjørn som trekkjer det lengste strået og må ut i finale mot kvarandre. Herrelaget slepp finale då det er få påmelde, men også her er det Selbjørn 1 som stikk av med sigeren, sameins med damelaget.

– I år igjen. Dei må vera Noregs beste oselvarroarar, roper Dag Lindebjerg i det Selbjørn 1-damene kryssar mållinja og godt nøgde kan gå på gjestgiveriet for å ta i mot premien sin; ein gratis middag.

M Severin Tøkje
redaksjonen@marsteinen.no



Torget bada i folk, buer og god mat på laurdag.



Thomas Ek (12) og Sverre Fanavoll Andersen (9) hadde jann og god innsats under konkurransen langs brygga.



Fiskesnøre, reker og litt tolmod var det som skulle til for å fanga størst og flest fisk under fiskekonkurranzen.



Ein song av Johannes Kleppevik, slår aldri feil når kystkulturen er i fokus. Henrik Vaage og Tor Eirik Tøkje hadde ein fin versjon av songen.